



## Framlegg til uttaler til handsaming på årsmøte i Førde pensjonistlag

06.03.2024

### 1. «Samordningsfella» - ein seigliva urett:

*Pensjonsregelverk kan vere vanskelege å både sette seg inn i og forstå, men i nokre tilfelle kan verknadar – til dømes ved samordning av pensjon og trygdeytningar - vere så urimelege at det burde vere openbart at endringar i regelverket må skje. Likevel har verken regjeringar eller Stortinget sidan pensjonsforliket i 2011 vore villige til å fjerne den så kalla «Samordningsfella», som derfor har blitt ein «gjengangar» også i uttaler frå Førde pensjonistlag – på årsmøte i 2021 og sist i 2023.*

I framlegget til fråsegn i årsmøte 28.02.2023 vart det vist til at eit representantforslag om å endre regelverket og oppheve «samordningsfella», vart først handsama i Arbeids- og sosialkomiteen, som gav si innstilling 7. februar 2022. Forslaget frå FrP vart avvist av fleirtalet, men det vart lagt opp til at saka skulle løftast på nytt i samband med den varsla stortingsmeldinga som følgjer opp Pensjonsutvalet sin rapport, NOU 2022:7, [«Et forbedret pensjonssystem»](#). Saka er no på nytt til behandling i Arbeids- og sosialkomiteen på Stortinget, og kva som kjem ut av den vidare politiske behandlinga når ein oppdatert og endra versjon av pensjonsreforma frå 2011 skal behandlast først i Stortinget i mars månad og vidare - er derfor uavklart og usikkert.

**Konsekvensen av «Samordningsfella»** er at offentleg tilsette fødd i perioden 1944 – 1962 får lågare tenestepensjon dess lenger dei står i arbeid ut over vanleg pensjonsalder pluss levealdersjustering. Ved normal løn blir den årlege tenestepensjonen redusert med om lag to tusen kroner for kvar månad det vert jobba lenger enn normal pensjonsalder. I verste fall kan ein arbeidstakar ha arbeid eit heilt liv i offentleg teneste, men ikkje få igjen éi krone i tenestepensjon, berre for å ha haldt fram i jobb vidare etter 67 år.

Samordningsfella rammar 20.000 eldre, som gjev sitt bidrag til oppfylling av arbeidslina ved å stå i arbeid ut over 67 år, men – som mange av desse fullstendig overraskande blir klar over – samstundes dag for dag arbeider mot ein stadig minkande tenestepensjon.

Det store behovet for arbeidskraft, til dømes helsepersonell er godt dokumentert. Innsatsen som vert gjort og vart synleggjort under pandemien av pensjonerte sjukepleiarar, viser med all tydelegheit at den arbeidskraftreserven mellom anna pensjonistar representerer, i større grad bør kunne jobbe på ordinære lønnsvilkår, utan reduksjon av tenestepensjonen og utan å bli ramma av samordningsfella. Generelt er «samordningsfella» ein urett mot alle som vert ramma, og ei hindring i høve til å behalde tiltrengt, kompetent arbeidskraft utover pensjonsalder. Arbeidslina for denne kategorien tilsette er ikkje liv laga med eit slikt urimeleg regelverk.

**Årsmøte i Førde pensjonistlag 6. mars 2024 føreset at det openbert urimelege utslaget av samordningsreglane i pensjonssystemet vert fjerna, Det må innførast ordningar som styrker insentiva til å jobbe for offentleg tilsette født før 1963, både for dei som har starta uttak av tenestepensjon og dei som endå ikkje har gjort det.**

## 2. Skatteskjerpning for pensjonistar er eit dårleg forslag!

*Leiaren av skatteutvalet, som la fram si utgreiing mot slutten av 2022, professor i samfunnsøkonomi, Ragnar Torvik, har på nytt blåst liv i skattedebatten. Han gir i intervju med NRK uttrykk for at fattigdom flyttar seg frå eldre til unge i Norge, at pensjonistar får stadig betre råd, og at det er ei sær eigenheit i det norske skattesystemet at skatten på pensjon er lågare enn på lønnsinntekter. Han viser til at det er berekna at det kostar samfunnet 25 milliardar i året, og at dei unge ikkje har den same låge skatten som folk på pensjonsinntekter har.*

Det er ikkje mange som får betre økonomi den dagen ein blir pensjonist. Sjølv om skatten er litt lågare, går inntekta vesentleg ned for dei fleste. Samtidig kan ein forvente ei svakare inntektsutvikling år etter år, som følgje av underreguleringa som vart innført med pensjonsreforma.

Som Pensjonistforbundet sentralt har uttalt, er det ikkje ønskeleg at dette blir ein generasjonsdebatt ved å sette aldersgrupper opp mot kvarandre. Skal fattigdom og økonomisk ulikheit bekjempast må det treffe breitt. Vi må ha eit heilskapleg system som støtter dei som har det vanskeleg uansett kva for alderskategori dei høyrer til, anten det gjeld å redusere barnefattigdom, eller å auke minstepensjonen.

Og, som forbundsleiar Jan Davidsen seier, – «pensjonistar i Norge treng ein anstendig økonomi når vi skal leve lenger og ta ansvar for eigen alderdom, slik myndigheitene ønskjer».

Inntektsforskjellane ein har i yrkesaktiv alder, opphøyrer ikkje når ein blir pensjonist. Tvert imot kan forskjellane bli forsterka. I tillegg har pensjonistar eit tiår bak seg med redusert kjøpekraft som følgje av svak pensjonsregulering.

- **Årsmøte i Førde pensjonistlag 6. mars 2024 meiner at skatteskjerpning for pensjonistar er eit forslag som vil ramme skeivt, og som ikkje tar høgde for at pensjonistar over tiår har fått underregulert pensjonen.**
- **Pensjonistar i Norge treng ein anstendig økonomi når vi skal leve lenger og ta ansvar for eigen alderdom, slik myndigheitene ønskjer.**
- **Skal fattigdom og økonomisk ulikheit bekjempast må det treffe breitt. Vi må ha eit heilskapleg system som støtter dei som har det vanskeleg uansett kva for alderskategori dei høyrer til, anten det gjeld å redusere barnefattigdom, eller å auke minstepensjonen.**

### 3. To døme på aldersdiskriminerande ordningar:

- Brukarstyrt personleg assistanse (BPA), og
- Tilskot til særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester

I 2020 vart retten til brukarstyrt personleg assistanse utvida til også å omfatte personar over 67 år, under føresetnad av at dei var innvilga ordninga før fylte 67 år. At andre personar over 67 år ikkje har rett til BPA, er aldersdiskriminerande. Den enkelte sine behov må avgjere kva for tenester ein har rett til, ikkje kva alder ein har.

Alle kommunar som yter særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester til brukarar, kan søkje Helsedirektoratet om delvis refusjon av direkte utgifter til løn knytt til desse tenestene. Men ordninga gjeld berre for brukarar under 67 år. Det kan berre søkjast refusjon for utgifter til personar født i 1955 eller seinare. Dette er aldersdiskriminerande og kan medføre eit dårlegare tenestetilbod for eldre.

**Årsmøte i Førde pensjonistlag 6. mars 2024 føreset at retten til brukarstyrt personleg assistanse (BPA) blir gjort uavhengig av alder.**

**Årsmøte føreset vidare at det blir gjort nødvendige endringar slik at kommunane kan søkje refusjon for lønsutgifter knytt til særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester, uavhengig av tenestemottakaren sin alder.**

#### 4. Uføre og «slitarar» må sikrast når pensjonsalderen aukar

Regjeringa vil [heve pensjonsalderen i takt med levealderen](#). Fordi vi lever lenger, vil dei at ein også skal jobbe lenger.

Dette vart lansert i ei [stortingsmelding](#) frå regjeringa før jul, men forslaga var basert på [pensjonsutvalet sine tilrådingar](#) frå 2022.

Regjeringa sitt forslag til endringar i pensjonssystemet i kortform er slik:

- Gradvis auke av den nedre aldersgrensa for pensjon frå folketrygda i takt med levealderen.
- Det vert lagt opp til at pensjonsalderen vil auke med ca. eitt år pr. tiår. Det vil seie at 1975-kullet må jobbe ca. eitt år lenger enn 1965-kullet.
- Endringane er tenkt å gjelde frå og med 1964-kullet.
- Skjerming av uføre for 2/3 av verknaden av levealdersjusteringa.
- Uføre skal få tene opp pensjon til fylte 65 år, mot 62 år i dag.
- Regjeringa skal sette ned eit utval for å sjå på ordningar for å sikre «slitarane» i pensjonssystemet.
- Minstepensjonistane skal regulerast etter lønnsveksten i staden for snittet av lønns- og prisveksten.

Om dette forslaget skulle bli vedtatt, er det grunn til å vere bekymra for at det vil føre til fleire utslitne eldre med dårleg helse.

Folk blir ikkje ufør fordi dei har lyst, men fordi dei faktisk ikkje har helse til å jobbe meir. Uføre må sikrast ein anstendig pensjon, og sidan uføre ikkje kan kompensere for lågare pensjon gjennom arbeid, må dei kunne tene opp pensjon til alminneleg pensjonsalder og skjermast heilt for levealdersjusteringa.

[«Slitarordninga»](#) burde vore på plass før regjeringa la fram stortingsmeldinga, og fordi ting kjem i feil rekkjefølgje, kan det vere fare for at ordninga ikkje vil vere på plass før lovendingane skal behandlast av Stortinget.

Tidshorisonten for behandlinga av denne saka i Stortinget er slik:

- *Torsdag 18. januar var stortingsmeldinga på høyring i Arbeids- og sosialkomiteen på Stortinget.*
- *Komiteen har frist til 14. mars med å legge fram si innstilling, det vil seie eit forslag til kva Stortinget skal vedta.*
- *Først etter behandlinga av meldinga vil regjeringa legge fram forslag til lovendingar, som igjen skal behandlast på Stortinget.*

**Årsmøte i Førde pensjonistlag 6. mars 2024 meiner at ei gradvis auke av pensjonsalderen frå 67 år i takt med aukande levealder, vil kunne gjere det vanskeleg å gå av med ein anstendig pensjon frå tøffe, krevjande jobbar.**

**Sidan uføre ikkje kan kompensere for lågare pensjon gjennom arbeid, må dei kunne tene opp pensjon til alminneleg pensjonsalder og skjermast heilt for levealdersjusteringa.**

**Årsmøte i Førde pensjonistlag føreset at ei akseptert «slitarordning» må vere på plass før behandling av lovendingar i pensjonssystemet skjer i Stortinget.**